

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 22.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	15.6.11	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Per Dale, Anne Karin Buene, Bente Steine, Olav Grønsberg, Osvald Turlid.

**Vara-
medlemar** Ingen

Andre Håkon Øydvinn, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
13/11, 14/11, 15/11, 16/11, 17/11, 18/11.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.6.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 13/11. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 13.4.11
- 2) Styremøte i villreinutvalet for Nordfjella den 7.6.11
- 3) Statskog SF: Tilskot til fjellstyret sitt oppsyn i statsallmenningen for 2011 – kr. 319.646.
- 4) Trekking av jaktkarusellen 2011
- 5) Melding om sikringsradioen i Aurland, frå grunneigarlaget for villreinvald
- 6) Samarbeidsavtale mellom Norges fjellstyresamband og Statens Naturoppsyn om tenestekjøp i statsallmenningane
- 7) Avtale om tenestekjøp frå Aurland fjellstyre - SNO Aurland
- 8) Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve 5-årig løyve til utsetjing av fisk i fjellvatna i Aurland
- 9) SJH – resultat frå prøvafiske i Langavatnet/Adamsvatnet september 2010
- 10) Partnerskapsavtale mellom Aurland barne- og ungdomsskule og Aurland fjellstyre (resultat av møte mellom ABU og fjelloppsynet den 2.5.) **Merknad: Vert sett opp på saklista for møtet (sak 18/11).**
- 11) NFS – brev om støtte til rekrutteringstiltak 2011
- 12) Invitasjon til styremøte i Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda den 21. juni
- 13) Oppløysing av Aurland Naturverkstad BA – overføring av kapitalen (medrekna partskapitalen) til Aurland Naturfond
- 14) Planlagt synfaring med Statskog SF v/Skjerveggen i Stemmerdalen
- 15) Orientering om framdrifta med vøling av hytte i Nordheimsdalen
- 16) Utdeling av bladet "Villreinen" til fjellstyremedlemene

Aurland, den 17.6.11

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.6.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 14/11. Disponering av simle/ungdyr- og kalvekorta for villrein

Saksutgreiing med følgjande framlegg til vedtak låg føre: *Fjellstyret vil i 2011 tildela kalvekorta saman med fellingsløyva for simle- /ungdyr, d.v.s. ikkje nytta opplegget som vart brukt i 2010, der kalvekorta vart tildelte einskildvis.*

Handsaming i møtet:

Anne Karin Buene hadde følgjande framlegg til vedtak: *Fjellstyret vil i år tildela alle fellingsløyva einskildvis, på same måten som i 2010.*

Det vart røysta mellom dei to framlegga. Ved avrøystinga fekk framlegget frå Anne Karin Buene 3 røyster og vart vedteke, medan framlegget frå administrasjonen fekk 2 røyster og fall.

Som ei følgje av dette vedtaket, er medlemane samde om å nytta ein praksis som inneber at fjellstyret, dersom ein løyver kort etter at alle innanbygds søkjarar på varalista har fått tilbod om fellingsløyve, gjev tilbodet vidare til utanbygds søkjarar, slik det er opning for i samjaktavtalen for Aurland.

Vedtak:

Fjellstyret vil i år tildela alle fellingsløyva einskildvis, på same måten som i 2010. Dersom ein løyver kort etter at alle innanbygds søkjarar på varalista har fått tilbod om fellingsløyve, går tilbodet vidare til utanbygds søkjarar, slik det er opning for i samjaktavtalen for Aurland.

Sak 15/11. Plan for fiskeutsetjinga i statsallmenningen i 2011

Saksutgreiing med plan for utsetjinga låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fiskeutsetjinga i Aurland sommaren 2011 vert i samsvar med den framlagde utsetjingsplanen. Det vert tinga 6.000 setjefisk frå Aurland Setjefisk BA.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.6.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/11. Høyring: regional plan for Nordfjella - planprogram

Saksutgreiing med framlegg til vedtak låg føre.

Handsaming i møtet:

Per Dale synte til to feil i planprogrammet (side 17): Det står at bygginga av Finsetunnellen og Gravhalstunnellen no har gjeve lettare tilgjenge for rein i områda lenger vest. Dette er rett når det gjeld Finsetunnellen, men Gravhalstunnellen var ferdig i 1909, til opninga av Bergensbana. Den bør difor strykast i denne samanhengen. Vidare er området vest for Gravhalsen kalla "områdene mellom Flåmsdalen, Nærøydalen, Myrkedalen." Namnet *Myrkedalen* må vera feil å nytta her, og bør erstattast av *Raundalen*.

Det føreliggjande utkastet til uttale, saman med tillegget frå Per Dale, vart vedteke.

Samrøystes vedteken uttale:

- Forholdet til felles kommunedelplan for villrein:

I Nordfjella har ein sidan slutten av 1990-talet hatt ein felles kommunedelplan for villrein, som har omfatta alle dei 6 kommunane med arela i villreinområdet. Det var grundige lokale prosessar som låg til grunn for denne planen, og retningslinjene i planen har i fleire av kommunane til dels vorte tekne inn i arealdelen av kommuneplanen, slik at dei har fått juridisk bindande effekt. Det er i alle år etter at planen vart vedteken halde årlege møte mellom kommunane og villreinformalinga, for å oppsummera status og drøfta aktuelle saker. Kommunedelplanen har på den måten vore ein høgst levande og aktiv plan, i motsetnad til mange andre planar som vert laga. Kva status den felles kommunedelplanen får, etter vedtak av ein regional plan for Nordfjella, er usikkert. Truleg vert det vanskeleg å halda "i live" to såpass nærliggjande planar, tematisk og geografisk. Det vert ei utfordring å gje den nye regionale planen like stor legitimitet lokalt som den gamle kommunedelplanen har hatt. Det vil i stor grad avhenga av at det vert gjennomført gode lokale prosessar i samband med planarbeidet, der både kommunane, brukarane og dei som har rettar i området vert engasjerte. Det vil vera viktig å halda fram med det innarbeidde årlege møtet mellom kommunane og villreinformalinga. Det er moegeleg at ansvaret for dette kan overtakast av dei ansvarlege for regionalplanen, slik at fylkeskommunane vert naturlege deltakarar i tillegg til kommunar, fylkesmenn, villreinnemnd og -utval.

Tilhøvet til eksisterande kommunedelplan for villrein, og vidareføring av dei innarbeidde prosessane i samband med denne, bør inn som eit punkt i planprogrammet.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.6.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/11, framhald:

- Utgreiingsområde:

Det er teikna eit kart som syner kva område i og omkring Nordfjella villreinområde (og Raudafjell) som skal utgreiast i samband med regionalplanen. På dette kartet er og villreinen sitt potensielle leveområde innteikna, altså område som ein kjenner til gjennom tidene er vortne nytta av rein. Det føreslegne utgreiingsområdet har ei avgrensing som går langt utanfor det som er definert som potensielt leveområde for villrein. Dette er for å fanga opp eventuelle aktivitetar som har senter utanfor leveområdet, men som likevel kan ha konsekvensar inn i villreinområdet. Som grunngjeving for dette er det på s. 12 skrive m.a. at utgreiingsområdet *“skal inkludere en sone utenfor dette leveområdet når topografien er slik at arealbruk her kan påvirke villreinen.”* For Aurland sin del meiner fjellstyret at dette utgreiingsområdet er teikna i overkant romsleg, ved at heile Aurlandsfjorden og deler av Nærøyfjorden er teke med. Her i fjordlandskapet vårt er topografien slik at aktivitet på fjordnivå ikkje kan seiast å kunna få konsekvensar inn i villreinen sine leveområde, som ligg minimum 1000 m. høgare oppe.

Utgreiingsområdet bør difor i vår kommune snevrast inn og flyttast høgare opp, nærare yttergrensa som markerer potensielt leveområde for rein.

- Viktige brukarinteresser:

På side 15 vert det opplista ein del viktige brukarinteresser innanfor området. Her er ikkje jakt og fiske nemnt særskilt. Det er mogeleg at dette vert definert inn under samleomgrepet “friluftsliv,” eller delvis kjem inn under “landbruk og utmarksnæringer.” Derimot er tamreindrift teke med som ei aktuell brukarinteresse, sjølv om dette, med gjeldande norsk lovverk, er ei næring som ein ikkje vil ha høve til å etablera innanfor eksisterande villreinområde.

Jakt og fiske er brukarinteresser som bør takast med spesifikt i lista over brukarinteresser, eventuelt saman med friluftsliv (“friluftsliv, jakt og fiske”). Tamreindrift innanfor villreinområdet vil vera i strid med gjeldande lovverk, og bør strykast frå lista.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.6.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/11, framhald:

- Feil i omtalen av områda vest for Gravhalsen (side 17)

Det står at bygginga av Finsetunnellen og Gravhalstunnellen no har gjeve lettare tilgjenge for rein i områda lenger vest. Dette er rett når det gjeld Finsetunnellen, men Gravhalstunnellen var ferdig alt i 1909, til opninga av Bergensbana. Den bør difor strykast i denne samanhengen. Vidare er området vest for Gravhalsen kalla "områdene mellom Flåmsdalen, Nærøydalen, Myrkedalen." Namnet *Myrkedalen* må vera feil å nytta her, og bør erstattast av *Raundalen*.

- Form og språkbruk:

Som ein ser av oversikten over styringsgruppa og arbeidsutvalet er desse samansette av det politiske toppskiktet i kommunar og fylkeskommunar, saman med leiinga av fylkesmannsembeta. Gruppa har altså ein relativt topptung samansetnad, noko som lett kan skapa avstand til lokale brukarar, grunneigarar og andre. Denne avstanden vert ikkje mindre ved at skriftleg planmateriale vert framlagt på bokmål. På bakgrunn av dette, og ut frå det faktum av 6 av 7 kommunar i planområdet har nynorsk som administrasjonsspråk, bør alt vidare skriftleg planmateriale leggjast fram på nynorsk, noko i alle fall to av dei tre fylkeskommunane bør ha god kompetanse til å hjelpa til med.

Ut over det som er sagt ovanfor har fjellstyret ikkje merknader til innhaldet i planprogrammet.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.6.11

Stad: Fjordsenteret

Sak 17/11. Trekking av fellingsløyva for villrein

Det låg føre saksutgreiing og lister over søkjarane, i alt 204 innanbygds- og 14 utanbygdsbuande jegerar.

Handsaming i møtet:

- To søkjarar som søkte etter at søknadsfristen var gått ut får plass etter dei andre innanbygdsbuande søkjarane på varamannslista
- Trekninga vart gjennomført i samsvar med framgangsmåte skissert i saksutgreiinga. 177 søkjarar vart uttrekte med fellingsløyve. I tillegg kjem ei varamannsliste på 41 (27 innanbygds + 14 utanbygds søkjarar)
- Det vert fastsett eigen søknadsfrist for fellingsløyva på Broksfjellet - 6. juli (vert annonsert med oppslag og annonse i "Aurlendingen.")
- Trekking av rekkjefølgjen på "utanbygds varaliste" og trekking av fellingsløyva på Broksfjellet vert gjort administrativt

Sak 18/11. Oppretting av partnerskapsavtale med Aurland barne- og ungdomsskule

Det låg føre eit utkast til partnerskapsavtale mellom fjellstyret og ABU, på grunnlag av samarbeidet ein har hatt gjennom mange år om fiskedagar for skuleklassar om hausten.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret inngår partnerskapsavtale med Aurland barne- og ungdomsskule, i samsvar med det føreliggjande avtaleutkastet. Meir detaljert innhald i avtalen vert utforma i samråd mellom fjelloppsynet og skulen.